



Alver kommune ved plan, bygg og eigedom

Postboks 4

5906 Frekhaug

Sendast over e-post til post@alver.kommune.no

Vår referanse:
1122689501/2470350

Ansvarleg advokat:
Børje L. Hoff

Dato:
7. oktober 2022

FØLGJEBREV TIL SØKNAD OM MIDLERTIDIG LAGERTELT - GNR. 324 BNR. 4

1. INNLEIING

Harris Advokatfirma AS representerer tiltakshavarane og heimelshavarane av gnr. 324 bnr. 4 i Alver kommune, Randi Mjåtvædt og Tore Mjåtvædt.

Tiltakshavarane søker med dette om å føre opp eit midlertidig lagertelt på gnr. 324 bnr. 4 i opptil 9 månadar på planert grunn, jf. pbl. § 20-1 første ledd bokstav j. Tiltaket er nærmere omtala og skildra under punkt nr. 2 under.

Etter pbl. § 20-4 første ledd bokstav c treng ikkje det omsøkte tiltaket ansvarleg søker, då tiltaket kan forestås av tiltakshavar sjølv. Vedlagt følgjer søknad om løyve til tiltaket utan ansvarsrett.

Vedlegg nr. 1: Søknad om løyve utan ansvarsrett

Tiltakshavarane søker om å føre opp eit midlertidig lagertelt for å få plass til å lagre reiskapane som står i dagens reiskapshus som skal rivast i samband med utvidinga av Frekhaugkrysset og fylkesveg 244. Fylkeskommunen har ekspropriert arealet reiskapshuset står på, og skal rive dette innan kort tid for å realisere vedteken reguleringsplan. Tiltakshavar har søkt om eit erstatningsreiskapshus, men har behov for å setje opp eit midlertidig lagertelt for å lagre reiskapane som står i dagens reiskapshus i tida frå dette bygget vert rive til det omsøkte reiskapshuset står ferdig.

Harris Advokatfirma AS

Dreggsallmenningen 10/12
5003 Bergen
NO 921 027 583 MVA

1122689501/2470350

Postboks 4115 Sandviken
5835 Bergen
Tlf.: 55 30 27 00

harris.no

Den norske advokatforening
Globaladvocaten
Advocatia

Side 1 av 4



2. KORT OM TILTAKET DET VERT SØKT OM

Tiltakshavarane søker om å setje opp eit midlertidig lagertelt som er om lag 157,5 kvadratmeter – 10,5 meter x 15 meter – på planert grunn. Lagerteltet er om lag 3,5 meter høgt.

Vedlegg nr. 2: Teikningar av lagerteltet

Det midlertidige lagerteltet skal plasserast like ved og parallelt med reiskapshuset som tiltakshavar allereie har søkt om.

Vedlegg nr. 3: Situasjonsplan

Når det omsøkte reiskapshuset, som vert bygd som eit erstatningsbygg for reiskapshuset som må rivast i samband med realiseringa av den vedtekne reguleringsplanen, er ferdig bygd, skal det midlertidige lagerteltet fjernast. Det skal difor berre stå opp til 9 månadar.

Til informasjon har tiltakshavar kontakta fagfolk som er klare til å ta til med å bygge det omsøkte reiskapshuset når Alver kommune godkjenner søknaden.

3. PLANSTATUS

Eigedomen er omfatta av reguleringsplan «Detaljregulering fv. 564 Frekhaugkrysset, inkl. utbetring av fv. 244» med PlanID 1256_20170003. Som utsnittet frå reguleringsplanen og den vedlagte situasjonsplanen like under viser, skal det midlertidige driftsteltet plasserast på delar av areal avsett til LNFR i reguleringsplanen. Tiltaket vert ikkje plassert i område «#3» i reguleringsplanen som skal nyttast til ranking av jord, noko som vert illustrert ved den rauda linja på biletet til høgre, som tek igjen linja for område «3» frå reguleringsplanen til venstre.



Reguleringsplanen § 3.3.1 seier at kommuneplanen sin arealdel gjeld for areal avsett til LNFR, med mindre anna er spesifisert. Sidan ikkje anna er spesifisert, er det kommuneplanen sin arealdel som regulerer arealføremålet LNFR på tiltakshavar sin eigedom.

Tiltakshavar meiner primært at det ikkje er naudsynt med dispensasjon frå arealføremålet LNFR, då det omsøkte lagerteltet på planert grunn skal vere midlertidig. Subsidiaert, under føresetnad av at kommunen vurderer det anndeis, vert det søkt om midlertidig dispensasjon frå LNFR for oppføring av midlertidig lagertelt og planering av grunn.

Vedlegg nr. 4: Subsidiaær søknad om midlertidig dispensasjon

4. NABOVARSLING

Ingen av naboane som er nabovarsla har hatt merknadar til det omsøkte tiltaket.

Vedlegg nr. 5: Kvittering for nabovarsel



5. UTTALAR

Tiltakshavar har vore i kontakt med avdelingsleiar Laila Bjørge på landbruksavdelinga i Alver kommune. Ho har uttalt seg positiv til tiltaket og har ingen innvendingar mot at det vert sett opp eit midlertidig lagertelt.

6. AVSLUTTANDE MERKNADAR

Tiltakshavarane ber med dette om at kommunen innvilgar søknaden om midlertidig lagertelt, og ber om at søknaden vert handsama raskt, då fylkeskommunen ønskjer å ta til med å rive reiskapshuset på eigedomen innan kort tid, og då tiltakshavarane har behov for å lagre reiskapane som står i dette bygget.

Dersom det er behov for ytterlegare opplysingar, ber underteikna om å bli kontakta omgående.

Med vennleg helsing

Harris Advokatfirma AS

A handwritten signature in black ink that reads "Martin Gjerde Skrede".

Martin Gjerde Skrede

Advokatfullmektig

msk@harris.no

478 50 067